

Innspelet til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Grønstruktur.

Viktige og verdifulle grøntområder.

I dette innspelet tar eg ikkje med gnr/bnr kartutsnitt og adresser, avdi dette vert alt for omfattande.

Arealet eg har valgt å ta utgangspunkt i strekker seg frå Knarvik langs fv 57 til Seim via Sandvikadalen, om Hjelmås og attende til Knarvik. Dette arealet med Gladihaug på toppen, er rekreasjons og friluftsområdet for innbyggjarane i Seim, Hjelmås, Leiknes, og Knarvik for å ta dette i grove trekk.

Det er eit generelt problem for folkehelsa at befolkningen stadig vert feitare og feitare, samstundes som at friluftsområda våre i låglandet gror att.

Eg tykkjer lindås kommune burde løyva pengar til oppgradering av turstiar, samt tiltak som gjer at det vert meir spanande for unge og vaksne å bruka utmarka til tur og utflukter. Arbeidet bør kunna gjerast av idrettslag, turlag og liknande på dugnad, mot at desse får pengar til laga sine.

Dersom ein i tillegg får setta seg opp gapahukar og lignande som folk kan nytta på turane sine, så stig trivselen betraktelig.

På Gladihaug kunne ein for eksempel fått lagt ned ei kompassrosa i rustfritt stål, som ein merker av dei forskjellige plassane ein ser frå toppen, samt avstanden i luftlinje. På det viset kan ein stå på kompassrosa, sjå i ein retning, og få forklaring på kva ein ser og kor langt vekke dette er.

Når ein kjem gåande langs ein sti og er på veg ned i Hopsdal for eksempel, så kunne her stått eit skilt med informasjon om Hopsdal, kor mange gardsbruk her er, kor mange det har vore, antall husdyr no og i 1950 for eksempel. Ein kan og henta informasjon om dei forskjellige stadane i bygdeboka for Alenfit, då denne har svært mykje frå gammalt av. Det burde også vore sett opp ein del skilt ved dei gamle torvhusa og uteflorane som finst langst stiane i utmarka vår. Desse viser slitet dei før oss har hatt, og i dag er det ikkje lenger så mange som veit kva for ei viktig oppgåva desse husa opprinnelig hadde. Dette vil gjera ein tur ute i det fri langt meir spanande, enn bere å gå å trakka.

Dersom ein er heldig og ei sånn stirydding skulle slå an, og dette skapar pasdongar (haugar av greiner) så kunne ein brent desse i ei jonsokfeiring av det gamle gode slaget, der folk kom gåande ifrå dei kringliggande bygdena. Med ekstra tilrettelegging for småbarnsfamiliar, så kunne noko slikt ha fenga folk i alle aldrar.

Beitedyr hadde på sikt vore det heilt ideelle, og med ny teknologi som Nofence så er det ikkje heilt usannsynlig at det i framtida kjem beitedyr att i dette området. Men dette er og kostbart, så her burde det vore oppretta eit ekstra tilskot til

bønder som har beitedyr og heldt vegetasjonen nede i og rundt dei viktige turområda våre. I skogkledd utmark er det svært krevande å driva tilsyn med beitedyr, og eg håpar at dersom det kjem forslag til tiltak for å gjera det meir lettvindt med beiting i framtida, så tar kommunen i mot dette med opne armar.

Arbeidet med å halda skogen vekke frå stiane, er stortsett på det nivået, at ei god ryddesaks gjer jobben, men me har dårleg tid.

Ein bør begynna i det små, setta ned ei nemnd bestående av representantar frå iddrettslag og turlag samt nåken positivt innstilte grunneigarar, og sjå om dette i det heile er noko dei kan tenka seg. Kanskje kringkasta det i avisena og?

Om ein får det til, så hindrar me at om 20 år står på forskjellige toppar i kommunen og glanar inn i skogen.

Me har stor gevinst att for å gjera utmarka meir tilgjengelig for allmenheten.

Dette bør i utgangspunktet ikkje kosta kommunen så mykje, og kommunen vil utan tvil få litt god PR av det.

Slike tiltak eller liknande rundt om i Lindås vil tena folkehelsa, frivilligheten og kommunen.

Som kommune bør ein ha eit tydeligt standpunkt når det kjem til viktigheten av slike naturområder, sølv om det «berre er utmark»

Mvh. Aril Langesæter

